



# TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

Tysnes ungdomsråd

UGGDAL, 19.11.2013

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/1138-17	8160/13	023	FSK/FEL/VIST	

## REFERAT - TYSNES UNGDOMSRÅD 15.11.13

Desse møtte: Elisabeth Ebbesvik, Jøran Dalland, Matias Helland, Ludvik Dalland, Rebekka Instøy Dalland, Adam Olav Khaldi, Cecilie Fagerbakk Hauge Hansen, Kjetil Hestad og Vibeke Øxnevad Stoltz

Forfall: Henrik Sebastian Epland og Aina H. Kjøndal. Elisabeth stadfesta at Nora Nikolaisen og Markus Frøkedal Kjerrgård har trukket seg frå styret.

Tid: kl. 18.00

Stad: Tysneshallen.

Sakliste:

### 24. Opning

Elisabeth opna og leia møte

### 25. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjent

### 26. Godkjenning av dagsorden

Godkjent

### 27. Statusrapport økonomi

Ingen endringar sidan sist møte 4. november.

### 28. Handsaming av sakliste

#### a) Konsert

Det vert konsert søndag 24. november med Samsaya i Vonheim for ungdom i alder frå 13 – 21 år.

Etter samtale mellom Eirik Dalland og Vibeke er det no gjort avtale om at Tysnes ungdomslag vert teknisk arrangør for konserten og signerer kontrakten med managementet til Samsaya. Tysnes ungdomslag sender søknad til Lensmannen.

Tysnes ungdomsråd har ansvar for klargjering og opprydding av ungdomshuset og syte for skikka vaktar.

Ungdomsrådet bidreg med eit tilskot på kr 15.000, sponsormidlar frå Tiko og Kraftlaget kr 8.000 går til overnatting og Mandelhuset sponser middag med kr 2.000.

Billettpris: 13-18 år kr 80,- 18-21 år kr 200.

#### b) Val

Det er 9 styrerepresentantar i Tysnes ungdomsråd og i tillegg 2 vararepresentantar.

4 representantar er valt av dei som går på vidaregåande eller er lærlingar og 5 representantar er valt av dei som går på ungdomsskulen. Vararepr. kan veljast frå vidaregåande eller ungdomsskulen.

Representantar frå vidaregåande:

Aina – ikkje på val

Jøran – ikkje på val

Rebekka – ikkje på val

**Matias – tar gjenväl** (no som repr. frå vidaregåande)

Representantar frå ungdomsskulen:

Adam – ikkje på val

**Ludvik – tar gjenväl**

**Henrik – tar gjenväl**

Elisabeth og Cecilie ønskjer ikkje å stille opp til gjenväl. Dette inneber at det mangler 2 nye representantar frå ungdomsskulen i tillegg til dei som tar gjenväl. I tillegg må det veljast 2 vararepr. frå vidaregåande eller frå ungdomsskulen.

Når valet er gjennomført vert det på første styremøte valt ny leiar, kasserar osv.

Ungdomsrådet har planer om å gjennomføra valet i samband med Samsayakonserten. Det vart stilt spørsmål om rådet ikkje hadde nok oppgåver i samband med arrangementet.

Styret meinte det gjekk greit.

Rebekka tar hovudansvar for val i samarbeid med styret.

#### 29. Ymse

Ordførar Kjetil meinte det var viktig at ungdomsrådet etter valet gjekk gjennom kva rolle og funksjon ungdomsrådet skal ha – gjennom heile året. Han understreka at det var viktig å lære gjennom prosessar og nemnte konserten med Samsaya som eit eksempel på dette.

Han oppmoda ungdomsrådet å invitere til Kick off - få klarlagt roller, forventningar og lage ein plan for heile året.

Vibeke Øxnevad Stoltz  
referent